


Seterbrukaren

Skrift frå Norsk senter for seterkultur
Nummer 4 – desember 1998



Norsk senter for
Seterkultur

Seterbrukaren

■ Pernille åtte år fortel til dei andre; Selet er lite for det var ei jente på garden som var budeie og budde her. Klassen lyttar.

– Å, dei trudde på troll så døra er låg, for trolla var store. Pernille veit, gamal av setersomrar som ho er. Kan hende det til våren blir rom for mangt eit skulebesøk på setra, med små og store spørsmål om kvifor setra er slik den er.

■ Gjennom møte med andre stader og andre tider finn ein ut kva som er særmerkt ved sitt eige og kva som gjer stader interessant for fleire. Seterhusa er rama kring aktiviteten på setra både nå og i tidlegare tider, og også seterhusa syner at forutsetningane for seterdrifta har vore og er ulike frå landsdel til landsdel. Nokre stader finn ein små opne mjølkeskur for varme sommardagar, medan andre stader finn ein store tunge tømmerhus som vitnar om vintersetring, slik de kan lese meir om i dette nummeret av Seterbrukaren.

■ Frist for innlevering av stoff til neste nummer er sett til 15. januar 1999.

Utgivar:

Norsk senter for seterkultur
6214 Norddal
telefon og telefaks
70 25 91 77

E-post: seterkul@online.no

Redaktør: Tove Lofthus
Lay out: Alfred Nilsen
Trykk: Foto&Trykk

Foto:

Side 1 og 3:
Karoline Daugstad
Side 4: Odd Arne Espeland
Side 5: Tove Lofthus
Side 6: Åshild Dale
Side 7: Stein Stoknes

Landbrukssamvirket med på laget?

AV INFORMASJONSSJEF
OLE G. HERTZENBERG,
LANDBRUKSSAMVIRKETS
FELLESKONTOR

Prosjektet "Norsk Senter for seterkultur" ønsker å ta "et nasjonalt krafttak for det norske seterbruket." Prosjektets formål er todelt:

– Etablere et informasjons- og kompetansesenter for setring
– Etablere en interesseorganisasjon for aktive seterbrukere

Aller viktigst er oppbyggingen av interesseorganisasjonen. Uten en sterk organisasjon bestående av både aktive og passive seterbrukere, kommer man ingen vei. Dette må være basis for alt man skal drive med - enten det er snakk om å etablere et kompetansesenter for setring, kurs i ysting eller å utvikle samarbeidsmodeller med TINE Norske Meierier eller Reiselivsbedriftenes Landsforbund.

Sterk organisasjon

Hvordan bygges en sterk interesseorganisasjon? Jeg tror svaret er todelt:

A Definere felles behov hos potensielle medlemmer. Identifisere noen få prioriterte konkrete prosjekter som gir medlemsnytte

B Sørge for å få på plass et tilfredsstillende økonomisk grunnlag for å kunne gjøre jobben.

For å lykkes økonomisk må man finne fram til noen få samarbeidspartnere. For det er utopi å tro at medlemskontingenten skal kunne finansiere aktivitetene fullt ut. Her gjelder det å være pragmatisk og tenke kommersielt, og utvikle samarbeid med noen større aktører som ser seg tjent med å støtte (sponse) organisasjonens aktiviteter. Prosjektets utfordring er således å utvikle konsepter som:

1. Gir kundetilfredstillelse hos våre samarbeidspartnere
2. Rimer fullt ut med organisasjonens/prosjektets hovedformål

Prosjektets vellykkethet tror jeg vil avhenge av evnen til å balansere mellom disse to hensynene - som selvsagt kan komme i konflikt med hverandre.

Samarbeidsmodeller

Landbrukssamvirket er i dag engasjert både i Norsk Gardsmat og andre forskjellige former for småskalaomsetning av produkter. Engasjementet er nok noe varierende i styrke, men det er økende. Samtidig sliter man litt i landbrukssamvirket med å finne de riktige inngangene; de riktige konseptene å jobbe videre med. Her tror jeg at en interesseorganisasjonen av seterbrukere har sin sjanse. Prosjektet må utvikle forslag til samarbeidsmodeller med landbrukssamvirket og på det grunnlag invitere til dialog.

For å få et tilstrekkelig

"trøkk" i markedsføringen, kan det faktisk være fornuftige å etablere egne selskaper, helst som andelslag, eid av seterbrukere - hvis formål kan være å omsette seterkost og andre produkter fra setervollen (innenfor reiseliv, helse/sosial/omsorg eller skolesektor). Det er utvilsomt interessorganisasjonens oppgave å identifisere nye forretningsområder som kan bidra til å nå prosjektets hovedmål.

Du synes kanskje at jeg "banner i kjerka" når jeg tar til orde for å tenke pragmatisk og kommersielt?. Du plages kanskje til og med av "ideologiske frysninger?" Mitt svar er følgende: For å kunne lykkes med prosjektets gode formål, er kommersiell suksess ikke bare ønskelig, det er en nødvendighet!

Et siste tips til slutt: Bruk pressen! Jovisst lager regional- og riksmidia hver sommer flotte seterreportasjer - sist sommer intet unntak. Men for kommende setersesong er det ikke minst viktig å få fram reportasjer relatert til prosjektet "Norsk senter for seterkultur" og bidra til å gjøre seterbrukerens hoser grønnere i forhold til aktuelle beilemmål!

Mulighetene foran setersesongen 1999 er enorme. La oss ønske hverandre lykke til i et svært viktig arbeid!

God jul!

ORGANISASJONAR OG PERSONAR I PROSJEKTGRUPPA

Kvinneutvalget i Norsk Bonde og småbrukarlag

Hilde Riis

Norges Bondekvinneleg

Anne Lutro

Norsk senter for økologisk landbruk

Elisabeth Moen

Norsk Kulturarv

Christian Sulheim

Norsk institutt for jord og skogkartlegging (NIJOS/NLH)

Yngve Rekdal

Møreforskning / Høgskulen i Volda

Jon Tvinnereim

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Anita K. Waatvik

Norddal Kommune

Petter Melchior

Landbruksmuseet på Gjermundnes

Anne Marie Førde

Norsk Sau- og geitallslag

Erling Skurdal

Norsk Gardsost

Pascale Baudonnel

Vinterlego



Ljøsnåvollen i Røros kommune, kor det også blir setra på vinterstid.

AV GEIR STADELØKKEN, OPPLAND

I einskilde bygder i Nord-Gudbrandsdalen var det vanleg at det var to seterreiser i året, ei om sommaren og ei om vinteren. Setringa om vinteren var heilt spesiell for vårt område og vara vanlegvis i 10 - 12 veker. Denne setringa vart kalla vinterlego.

For Vågå sin del er dei fleste av setrane samla i Langmorkje. Vegen frå bygda og opp til setrane er over 5 mil på det lengste. Samstundes er setrene store og gjev mykje avling. Med slike tilhøve seier det seg sjølv at det var vanskeleg å få frakta avlinga ned til bygda. Løysinga vart difor å frakte dyra attende til setra om vinteren for å bruke opp avlinga der. Etter att vegane vart betre, tok vinterlego gradvis slutt.

Vinterreisa starta vanlegvis opp på seinhausten etter snøen var komen. Med på ferda var heile buskapen med unnatak av småfe og nokre få kyr som vart att for å halde dei på garden med mjølk.

Ei seterferd om vinteren på fleire mil kunne vere farefull både for naut og folk, ikkje minst dersom det var mykje snø eller dei kom ut for uver undervegs. Ferda gjekk vanlegvis over to dagar og dei overnatta i fellessetrer som den dag i dag har namnet "kvilingsseter".

Komen til setra var det mykje som måtte gjerast både inne og ute. Om sommaren vart det lagt opp mose i fjellet og denne vart køyrt ned til setra om vinteren til bruk som for til dyra. Det var difor med ein eigen kjørekar til setra om vinteren. Budeia hadde sitt å drive med i fjøset. Til å bere inn vatn og ved hadde ho med seg ein unggut. Denne vart kalla "pjanken".

Jula vart ofte feira på setra. Ei tid før jul var køyrekarer nedi bygda og henta julematen. Ofte vart det teke med seg noko sterkare og. I julehelga vart det køyrt julekut mellom setrane. Leik og dans gjekk nok like lystig for seg i fjellet som nedi bygda. Mange lokale segn og historier fortel om både hulder og troll som tok del i desse juleselskapa i fjellet.

FÄBODSHISTORIA

Skratten klingar mellom bergen far omkring i dunkel granskog slingrar sig längs fäbodstigar ebbar ut i ödemarker

Tårarna droppar ner i backen rinner iväg med källvattnets kyla äter sommarblomster och gräs släcker törst på människor och djur Århundradens känslor samlas i skog och mark, i husens väggar Gammal skrift

vittnar om svunna tider om arbete och slit, om svett och tårar men också om gemenskap, samhörighet och glädje

Så lyssna en sommarkväll till skällornas plingande och du ska höra historiens röster röster från det förflutna

som vävs samman med de i dag de som kan föra vidare en urgammal kunskap som håller elden vid liv

Det viskas, det talas det kulas, det sjungs hela skogen är full av liv för den som förstår

Så ta dig tid att lyssna till fäbodens röster som förändras genom historien och ändå förblir de samma

Victoria Töruqvist

Victoria Töruqvist frå Sverige var med på seterseminaret i Hedmark i oktober.

- Tenkte det kunne vera fint med et svensk bidrag til Seterbrukaren, skriv ho, og sender diktet. Fäbodshistoria som ho har skrivt sjølv. Fäbod i Sverige er det same som seter i Norge. Victoria skreiv diktet då ho var kulla (budeie) på Prostbodarnasfäbod i Rättriks finnmark i Dalarna i sommar.

Rapport:

"Setrar i Norddal" er ein prosjektrapport frå 1995 utarbeida av sivilarkitekt Stein Stoknes for Norddal kommune.

Rapporten gir ein oversikt over ei kulturhistorisk registrering av setrane i kommunen, og forslag til framtidig forvaltningsstrategi.

Utgivar:
Norddal kommune
6214 Norddal
tlf 70 25 88 00

Boktips:

"Hyttene i Jotunheimen", Breheimen og Gausdal Vestfjell, er ei fin og informativ bok som presenterer 50 av Den norske turistforeninga sine hytter og historien deira. Fleire av hyttene er gamle seterhus eller står i gamle seterområde. Boka gir også informasjon om plassering på kartet, oversikt over turmuligheter og serverdigheter i området.

Forfattar: Per Roger Lauritzen
Forlag: Boksenteret Forlag

Slik har me det på Stavali



Odd Arne Espeland med Fagerlin framfor melkeskuten.

Stavali er ein støl på Hardangervidda vest. Stølen høyrer til prestegarden i Ullensvang. Prestegarden er i dag forsøksgard for frukt og bær, men det er lenge sidan "presten" har støla i Stavali. Stølsbusa var heilt til forfall då Kulturlandskapsgruppa i Ullensvang kommune i byrjinga av 1990 åra gjorde opptak til restaureringsarbeid for og bevara stølen. Det vart søkt om midlar og sett opp arbeids og finansieringsplan. I samarbeid med Hardanger Folkemuseum vart arbeidet gjennomført. Då var desse husa sette i stand: Steinfjøset, steinselet, to steinbuer, eit tømra sel og mjølkeskuten. Eit av krava for at det vart gjeve tilskot var punkt 4: "Når vi gjev midlar så er det ein forutsetning at det blir starta opp med stølsdrift på Stavali." - Og her er det at eg kjem inn i bilete.

"Budeie" og hyttevert

Eg driv ein liten gard i Jondal. I dag spør ein ikkje om kor stor gard ein har, men kor stor mjølkekvota er, den er på vel 48 000 l. Har lenge tenkt på dette med tilleggsnæring. Såkalla nisje til gardsdrifta. Så eg vart tent på dette med oppattaking av stølsdrifta på Stavali. Driv og med kyr av såkalla gamle norske storfe. Har både Vestlandsk Fjordfe, Telemarksfe, Sida Trønder, Nordlandsfe og Dølafe. Det er og slik at på Stavali er det ei turisthytte. Bergen Turlag sette opp denne i 1937. Det er ei stor hytte med mange overnattingsplassar. Den er i dag driven

som sjølvbetjent, med hyttevakt/vert i juli og august. Eg greip sjansen, vart hyttevert og skulle driva stølen. Dette med turisthytta var greitt, her var det reglar og gå etter. Men, kva med stølen og mjølka, kunne me omsetje mjølka og mjølkeprodukt på hytta? Snakka med Næringsmiddeltilsynet om korleis det forheldt seg i dette tilfellet. Etter litt om og men vart det til at eg fekk søkja fritak frå regelverket, sidan Stavali ligg så langt frå bilveg, ca 2 mil. Søkna den vart sendt og det vart gjeve fritak. Med krav om at det skulle stå oppslag på ein synleg stad på turisthytta at her var det sal av mjølk og mjølkeprodukt av upastorisert mjølk, alle produkt måtte omsetjast på stølen. Altså ingen ting måtte takast med heim for sal.

Lang buføring

I byringa av juli kom me oss i veg etter att slåttonna var ferdig. Dyra vart frakta med dyrebil frå Jondal til Utne så med ferje til Husedalen. Alt av utstyr vart frakta inn med helikopter. Det er helikopterbase inne i Husedalen. Dette er nok eit pluss for oss som skal driva Stavali. Folk og fe måtte taka beina fatt på den lange stølsvegen. Den fyrste delen av vegen er verkeleg vanskeleg, må vera landets vanskelegaste "buførveg", i alle fall som er i bruk i dag. Komne opp på fjellet og tek til på vegen innover vidda, då er det berre moroa.

Sjølvhjelp

Sommardagane på Stavali med dyra og turistane er travle dagar. Dei fyrste vekene hadde eg berre ein hjelpesmann, så då fekk me hanga i. Det vart lange dagar og

korte netter. Dyra oppførde seg fint. Her er gode beite. Det er no eingong slik at både fe og folk er mykje lettare å gjera med når dei er mette. Når turistane var mette etter stølsmaten me laga til, var det berre godord og takk og få. Eg separerte og sette opp fløyte til syring for å få rømme til graut. Var ikkje så vane med dette og koka graut. Marit Hoel heldt eit innlegg på eit stølsseminar der ho mellom anna sa at det å ikkje vera sjølvhjelpen var berre ein uvane. Dette har eg tenkt ein del på og det har hjulpet meg. Sjølv om eg er ein 52 år gamal bonde som har fått maten servert på bordet i alle år, går det altså an og verta "amatørkokk!"

Mjolk i variasjonar

Fekk mykje skryt for grauten. Rømmen var eg heldig med og då er det ikkje så vanskeleg og få god graut, den skaut rikeleg med feitt. Sette opp mjølk i porsjons-skåler til rømmekoller. Populært for vestlendingar og ein del utanlandske turistar. For halvparten av fotturistane er utanlands frå. Steikte surmjølkslappar serverte dei med rømme og syltetøy, populært til kveldskaffien. Hadde og tallerkenrett med spekemat eggørø og potetsalat. Så baka me brød. 12 – 16 brød til dagen. Kan baka brød etter to somrar på Stavali. Fann ut at når eg bruka saup og skumma mjølk, vart det kjempe gode brød. Rømmen som vart til overs vart det laga smør av. Kunne hatt meir smør. Alle ville ha fjellsmør, det er no verkeleg godt òg. Skulle òg ha tid til å snakka med turistane, var mykje besøk og fotografering i fjøset under mjølkkinga og triveleg var det. Hadde eg ei ledig stund om kvelden tok eg fløytemugga med meg og gjekk ein tur i matsalen / opphaldsrom. Mange sette pris på ein god fløyteskivert i



Budeieliv

AV MARIT AKSLEN
OG KARI MARTE SJØVIK

Når sommeren endelig kommer, er det ikke alle som har forståelsen for at vi velger skaut og fjøstøvler framfor bikini og badehåndkle. Og hvorfor gjør vi egentlig det, år etter år? Det er mange grunner, som er vanskelige å rangere når vi skal sette ord på det.

Som studenter i byen blir behovet for å komme seg vekk fra den hektiske tilværelsen til tider veldig sterk. På setra finner vi et fristed fra det moderne samfunn, her frister for eksempel et bad mer enn en varm dusj. Seterlivet gir rom for andre aktiviteter ved siden av selve fjøsarbeidet, som gir økt kunnskap på områder vi mener er viktig å ta vare på, alt fra ysting til tradisjonelt husflidsarbeid. Som friluftinteresserte liker vi også å ha muligheten til å bevege oss i vakker natur.

Men vi må ikke glemme den egentlig grunnen til at vi er på setra. Den nære kontakten med dyra har mye å si for at vi ønsker å være budeier, og arbeidet i fjøset er både krevende og utfordrende.

Etter noen år som budeier har vi fått erfare at det ikke alltid er lagt til rette for budeia i fjøset. Som budeier på 160 cm (hver) har vi problemer med å nå opp til koblinger og spaker i fjøs og melkerom. Det ser ut til at det er menn som planlegger høyden på røranlegg og andre innredninger i fjøset (etter deres egen høyde), til tross for



Kari Marte i gamlefjøs.

at det oftest er jenter vi finner i budeiestillinga. Kanskje er det på tide at budeia blir rådført når det skal monteres nytt melkeanlegg i sommerfjøs!

Dette overskygger likevel ikke gleden ved å være budeie. Når sommeren nærmer seg drar vi til seters for å søke ny inspirasjon og "opplagsnæring" for neste års studier.

kaffien. Då snakka me om Stavali og drifta og om dyra. Alle ville høyra om desse kyrne som likna kyrne til besteforeldra i 50-60 åra.

Forsvunnen kunnskap

Sommardagane i fjellet går fort sjølv i ein ruskever-sommar. Det var mange våte



tursitar sommaren -98, trur eg fekk tørka opp dei fleste. Når eg i dag tenker tilbake på desse to somrane på Stavali, den fantastiske sommaren -97 og ruskeverssommaren -98, så har begge somrane det til felles at eg har hatt det så gildt på fjellet, det har gjeve meg mykje. Det er ikkje så enkelt når ein skal ta opp att noko som har vore før. Den gamle tradisjonelle forma for støling på Hardangervidda var slutt for 40 år sidan. Skulle så gjerne lært meir om foredling av mjølka på stølen med lokal variant. Alle dei gamle budeiene er borte i dag. Her er personar som har vore med på stølen som born. Og meiner det vart laga det og det på den og den måten. Når eg spør om dei kan skriva det ned eller visa meg, nei då veit dei og hugsar for lite. Så altfor mykje er borte i dag. Kjem nok til og vera på Stavali neste sommar og. Skulle nokon ha hug til og koma på besøk er dei hjarteleg velkomne.

Stavali.



Norsk senter for
Seterkultur

Ønskjer du å bli medlem?

Som medlem er du med på å:

- Fremje seterdrifta og seterkulturen
- Leggje grunnlaget for eit framtidig informasjon- og kompetansesenter knytt til seterkulturen
- Skape eit nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får bladet Seterbrukaren fire gonger i året

Medlemskontingent 1999

Aktiv seterbrukar	kr 250,-
Organisasjonar/institusjon	kr 400,-
Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren	kr 150,-

JA, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn:

.....

Adresse:

.....

Fylke:

Telefon:

Send også tilbud om medlemskap til:

.....

.....

Send kupongen til:

NORSK SENTER FOR SETERKULTUR
6214 NORDDAL Tlf: 70 25 91 77

E-post: seterkul@online.no

Bankgiro: 402030 44 250

Prosjekt presentasjon

Rødal geitostysteri

AV OLAV FAGERBAKKE,
5763 SKARE, TLF. 53 64 51 87

Rødal Geitostysteri A/S er ein realitet. Finansieringa er i orden. Tilbod er henta inn og held seg innafor kostnadsrama. Veg og grunnmur er ferdig. Heile anlegget med montert produksjonsutstyr skal vera ferdig til 1. mars 1999. Då tek prøveproduksjonen til og ordinær produksjon startar opp frå 1. april same år.

7 av geitehaldarane i Rødal har gått saman om dette tiltaket. Samla produserer dei omlag 200 000 liter geitemjolk. Det er eit 35 år gammalt ynskje som no vert realisert. Initiativtakarane og eigarane tenkjer seg at marknaden for Rødalsosten må delvis opparbeidast på nytt og at det kan ta nokre år før produksjonen er oppe på det nivået han hadde dei siste åra Rødal Ysteri var i drift.

Rødalsosten skal produserast etter gamal oppskrift og seljast beinveges frå ysteriet. Det skal opparbeidast eit tilbod i og kring ysteriet som medfører at det vert interessant for turisane å stoppa ved ysteriet. Elles har det alltid vore stor etterspørsel etter Rødalsosten på landsplan og lokalt. Dei siste åra Rødal Ysteri var i drift selde dei heile årsproduksjonen av omlag 200 000 liter geitemjolk over disk.

Kvit ostemasse

1973 fekk geitehaldarane vest for Haukeliffjell avtale om mjølkelevering til Haukelid Ysteri. Denne ordninga fungerte godt fram til hausten 1994. Då vart Haukelid Ysteri i realiteten nedlagd. Etter ein del arbeid vart det bestemt at Haukelid Ysteri skulle fortsetja og vart bygt om for produksjon av kvit ostemasse. USA var marknad. Men det er berre det at i USA har dei ikkje tradisjon for geitsmak på geitemjolk. Haukelid Ysteri ligg og i utkanten av geiteområdet. Av fleire grunnar har det vore vanskeleg å få fram mjolk til Ysteriet som stettar krava

marknaden i USA set. Det har vorte mykje svinefor av den leverte geitemjolk, og pris til produsent har vorte der etter. Det vert vanskeleg å få rekruttering til ein så tvilsom produksjon. For jordbruket og bygda Rødal betyr geitehaldet svært mykje. Difor kjende desse 7 geitehaldarane at noko måtte gjerast for å sikra bygda rekruttering og det resulterte i Rødal Geitostysteri A/S.



Gamalt lutelag

Rødal fekk sitt første ysteri i 1914. Det var 2 personar utafra som starta ysteriet og kjøpte mjolka dei ysta i bygda. Men i 1921 skipa 5 brukarar i Rødal lutlag og tok over ysteriet. I 1924 vart laget utvida med 9 nye luteigarar og i 1927 kom det ytterlegare 17 til. 1937 vart det ei ny utviding til i alt 41 luteigarar. Drifta ved ysteriet stogga hausten 1939 og kom ikkje i gang att før sommaren 1946. Ysteriet vart så dreve samanhangande til 1963. Då stogga drifta m.a. grunna ei større kraftutbygging i Rødal. Geitetalet var også lite og fleirtalet av luteigarane hadde ikkje lenger geit.

Kombinasjonsdrift på setra

Utfordringane og mulighetene knytt til næringskombinasjonen seterdrift og turisme vart sett på dagsordenen på seterseminaret i Sør-Trøndelag 14. november.

Ein heilskap

Setra har alltid vore både ein arbeidsplass og eit turistmål framholdt samfunnsgeograf og forskar Karoline Daugstad. Også i dag skjer denne kombinasjonsdrifta både ut frå bonden sitt behov for ei tilleggsnæring og ut frå etterspørsel frå turistar. Det er ein heilskap som møter turistane og som dei framheld som den spesielle opplevinga ved eit seterbesøk. Utfordringa i dag med setra enklare tilgjengeleg for fleire er å finne den rette balansen mellom aktivitetane. Når turistinntekta blir meir sentral enn husdyrhaldet kan ein sei at seterdrifta er ei attåttnæring til turistbruket. Er seterdrifta då vorten ei underhaldningsform meir enn jordbruksdrift? Forsvinn då heilskapen turistane etterspør? Når forsvinn den magiske følelsen av å vera gjest og ikkje kunde?

Byggningsmiljøet på setra er det einaste godt bevarte heilskapelege kulturlandskapet ein har att, og ein stor del

av det produktet ein i turistøyemed vil selje meinte arkitekt Bente Egeland. Ivaretaking av den gamle byggeskikken på staden i form av tilpasning til natur og eit einsarta preg for bygningsmiljøet, meir enn diskusjonen om kva som er stygt og fint var Egeland sitt svar på foreininga av vern og moderne drift. Målet for ein verneplan er å gi rom for personleg variasjon innanfor heilskapelege rammer.

Produktmangfaldet

Gode mjølkeprodukt er eit resultat av gode beite for dyra, overlevert kunnskap og godt handlag slo Marit Hoel fast. Ho synte til eit mangfald av produksjonsmuligheter mjolka gir. Produktmangfaldet må bli teke vare på fordi det pirrar smakssansen våre i dag og ikkje fordi produkta er museale. For å få fram dei store gode variasjonane i smak må ein ta vare på og vidareutvikle den kunnskapen som ligg i produsentane sitt muntlege minne og det hendene deira kan huska.

Mange av deltakarane hadde gjort seg erfaringar både med open seter, bestilling for grupper og overnatting. Ein må vera glad i å omgås folk dersom ein skal drive med turisme på setra vart det

slått fast. I tillegg må ein ha sitt eige å kunne trekkje seg tilbake til, for ein skal i balansen mellom ideologi og økonomi unngå for mykje slitasje på både setervoll og vertskap.

Besøk frå Sverige

Kelvin Ekeland frå det svenske Naturvårdsvärket representerte også Riksantikvarieämbetet i Sverige sine fäbodsinteresser under seminaret. Ekeland var med både for å lære om norsk seterkultur og dele sine erfaringar om bevaringa av seterkulturen i Sverige.



Me tek gjerne imot tips om store eller små prosjekt som bør presenterast for fleire gjennom spalteplass i Seterbrukaren.

Stein Stoknes er sivilarkitekt og stipendiat ved Institutt for Arkitekturhistorie ved Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Universitet i Trondheim. Han arbeider med en evaluering av kulturminneforvaltningen i de to verneområdene Hardangervidda nasjonalpark og Stølsheimen landskapsvernområde.



Hva gjør vi med de gamle bygningene?

AV STEIN STOKNES

«Dei gamle bygningane representerer ein kapital som øydest. Når ein ser på dei store summene som år om anna investeres i fritidshus som står tomme store delar av året, slår det ein at noko av denne investeringsvillige kapital må kunne kanalisert over i andre banar i samband med rehabilitering... Det må vera riktig at ein kan nytta ut dei bygningane som frå gammalt av står i fjellet og ikkje fyller opp med hytter på kvar knaus.» Dette skrev tidligere Fylkeskonservator i Hordaland Nils Georg Brekke på midten av 1970-tallet. De gamle bygningene han tenkte på var bl.a. de flere hundre stølsbygningene i Stølsheimen, som til tross for at den siste rest av tradisjonell stølsdrift var i ferd med å bli avvirket, fremdeles på denne tiden var i rimelig god stand. Og han fortsatte: *«Ein plan for rehabilitering og bruk av stølar i stølsheimen bør vera eit godt grunnlag for grunneigarane til variert utnytting av området, ... der også dei kulturhistoriske verneinteressene er med i biletet.»*

I dag kan vi fastslå at det ikke skulle gå akkurat slik Brekke ønsket seg. Hyttebygging i de norske fjell skjøt for alvor fart på 1980-tallet. Og utviklingen i Stølsheimen er ikke noe unntak. Også her har gamle stølsbygninger forfalt og nye, større og mer komfortable hytter blitt oppført, selv om statusen som landskapsvernområde kanskje i noen grad har bremsert denne generelle utviklingstendensen. Er Brekkes tilforlidelige tanker ren utopi? Ønsker folk rett og slett ikke å ta vare på de gamle bygnene? Har kulturminnevernernes og byråkratenes formaninger, samfunnsøkonomiske betraktninger og reguleringer ingen annen funksjon enn å gjøre hverdagen sur for både byfolk og bønder som uansett vet hva de vil ha? De

foreløpige resultatene fra mine undersøkelser i de fjellområdene som i dag er vernet som Stølsheimen landskapsvernområde og Hardangervidda nasjonalpark, kan tyde på at dette ikke er langt unna sannheten.

De to første av bildene viser den dominerende trend i disse områdene med 1) forfall/nybygging og 2) ombygging. Bildene er fra stølene Finnabu og Vivheller. Det tredje 3) er fra Alrekstølen, hvor de gamle steinbygningene er «oppgradert» til moderne hytte-standard, men hvor «bildet» av den gamle stølen er bevart. Det siste bildet 4) er fra Stavalistølen, hvor bygningene er restaurert etter alle kunstens regler og stølsdriften gjenopptatt på kommersiell basis med foredling og salg på Stavali turisthytte. De to siste eksemplene viser at kulturminnevern kan være forenlig med ny bruk og driftsform. De to første eksemplene, og mange flere, viser imidlertid at dominerende praksis likevel er en annen og at dette langt på vei gjelder uavhengig av storstilte verneplaner.

Konsekvenser for kulturminneforvaltningen? Når vi vet at Alrekstøl- og Stavaliprosjektene i stor utstrekning er drevet fram av lokale ildsjeler, kan man jo spørre om forvaltningen ikke heller burde konsentrere sine ressurser om det faktiske vedlikeholdet av et begrenset utvalg kulturminner, istedenfor å regulere i stort omfang. Kanskje ansette tømrere istedenfor akademikere. Kanskje akseptere at kun en liten andel av befolkningen deler kulturminneforvaltningens syn på hva som er verdt å ta vare på og hva som er egnet for bruk.

Og kanskje viktigst: Hva med å prøve å legge bort de tradisjonelle utvelgelses-kriteriene, hoppe over øvelsene med alders- og identitetsverdier og gjøre det hele litt enklere. Hvorfor ikke spørre de det angår: "Hvem har hus de ønsker å ta vare på? Myndighetene kan hjelpe dere!" Noe spissformulert kan det hevdes: Folk må ha lyst, og lyst skapes ikke ved reguleringer, ikke ved formaninger, og kan trolig heller ikke kjøpes. Lysten er der bare, og da må kulturminnevernet også være der.



1. Finnabu



2. Vivhellen



3. Alrekstølen



4. Stavalistølen

**Norges beste
økonomisystem
for Seterbruk**

Agro Økonomi er
særdeles velegnet for
kombinasjonsnæringer



Agrodata Vest
Hamna 20 – 6100 Volda – Tlf. 70 07 66 67

Agrodata Øst
Kopstadv. 3 – 3180 Nykirke – Tlf. 33 07 86 77

Internett
E-post: agrodata@agro.no
<http://www.agro.no>

*– til seters
for å gjere seg feit...*

**Rein
norsk
natur
og Felleskjøpets**

FORMEL

gir det beste resultat



Felleskjøpet



STATENS LANDBRUKSBANK

Landbruksbanken er en aktiv medspiller
ved utvikling av ny landbrukstilknyttet
næringsvirksomhet på bygdene

STATENS LANDBRUKSBANK

OSLO – BERGEN – TRONDHEIM – TROMSØ

22 31 73 00 55 54 10 70 73 89 23 60 77 66 20 70